

## Gjeiterud (gnr. 77)

Gjeiterud: Namn som kjem av dyrenamnet geit. Skrivemåten av namnet har vore svært ustø.

Det første vi finn noko nemnande om jordbruket Gjeiterud er i matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der har namnet den historisk rette skrivemåten Geiterud, og det er oppgitt at buskapen av store husdyr da var 3 naut, og at den årlege kornavlinga var kring 4 tønner. I matrikkelen av 1838 er namnet skrive Gjeterud, og bruket fekk da eige løpenr. 215 av ny skyld 1 ort 11 skilling; vidare går det fram at brukaren der i den tid heitte Ole Christensen.

Men 10 år seinare var det i 1848-49 Erik Olsen og kona hans, Marthe Arnesdtr., som brukte Gjeiterud og budde der. Seks år seinare fekk og Erik søskenskjøte frå søstrene sine, Guri og Marthe Olsdøtre på garden, for kjøpesum 300 spd.

Erik Olsen var framleis eigar og brukar av Gjeiterud i 1865. Det er da i jordbruks- og folketellinga frå dette året fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje da var auka til 73 mål, og av dette var 12 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet var 1 hest, 3 naut og 6 sauer, og at den årlege utsæd var kring 2 tønner korn og 1 tønne settepoteter. – Men i 1878 var Erikl Olsen død, og enka etter han, Marthe Arnesdtr., skjøta da garden over til sonen Gudbrand Eriksen for kjøpesum kr. 1800,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 600,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkeltskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Gjeiterud i Fåberg fekk da eige gardsnr., nr. 77, av skyld 1,27 mark, og det var Gudbrand Eriksen som også da var eigar og brukar av Gjeiterud.

Gudbrand E. Gjeiterud hadde så ættegarden til i 1902. da skjøta han garden til sonen Edvard Gudbrandsen for kjøpesum kr. 3500,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 550,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det også da Edvard Gudbrandsen som var oppsittar på Gjeiterud, og det var framleis berre eitt bruksnr. under gardsnr. 77.

Ved kommunevalet i 1907 budde det to personar med røysterett på Gjeiteud . Det var: 1. Føderådsmann Gudbrand Eriksen, 67 år, 2. Edvard Gudbrandsen, 29 år. Av hadlar med Gjeiterud i seinare tid tek vi elles med at i 1914 gav så Edv. Gjeiterud akjøte til broren Emil G. Engh, men i 1919 kjøpte Edv. Gjeiterud att brn. 2 Gjeiteud søre, av skyl 0,22 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 to gardsbruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 77, brn. 1 Gjeiterud nordre med eit jordbruksareal på ca. 27 mål, som Emil G. Engh framleis var eigar og brukar av, b. Brn. 2 Gjeiterud søre, areal ca. 12 mål, som Edvard Gjeiterud framleis var eigar og brukar av.